Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vegusdal

Emne: Beit og brom.

Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse): NEG.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmann: Tellef Lunden, f. 1876 ~~på~~ i Lunden og bonde der.

Brom er dei finaste kvistene på treet med knupp på. Når dei skov, tok dei også med ~~to~~ bromet heim på skogen. Dei bar det heim i knippe på ryggen. Det kunne nok hende at dei henta heim brom serskilt og. Det var kyrne som fekk bromet.
T. L. kan hugsa at dei som hadde geiter, kjörte heim greiner av osp og raun og la i beitakost på tunet. Så skov geita det sjölv. Dei kalla det beit. Han kjenner ikkje til at dei tok heim ungfuru eller björk. Han kjenner heller ikkje til at dei gjorde slik for sauene.

16533